

Årsplan 2022-2023

Huldal Barnehage



«Det skal vere stort å vere liten i Huldal barnehage»

LØVELOVA

Kan du løvelova?

Eg skal vere meg,

men gi plass til andre, slik at dei vert seg,

Bry meg om dei andre, hjelpe når eg kan.

Slik vert livet betre for barn i alle land!

Ser du ein som plagast?

Det er ikkje bra!

Alle må stå saman om å sei ifrå!

Alle barn på jorda har den same rett,

til å vere trygge og til å vere sett.



Innhaldsliste

Side-tal:	Innhald:
1.	Framside
2.	Løvelova
3.	Innhaldsliste
4.	Styrande organ 2022-2023
5.	Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage
6.	Personalet i Huldal barnehage
7-9	Satsingsområde lokal rammeplan
10-11	Trygt og godt barnehagemiljø
12	Rammeplanen og barnehagelova – Nye viktige punkt
13	"Vere saman" i barnehagen vår
14-20	Vi på Armkroken
21-28	Vi på Hjerterommet
29-31	Temaarbeid knytt til fagområda på begge avdelingane
32	Bakside
I tillegg til årsplan, viser vi til vår verksemdsplan for åra 2020-24	

Styrande organ 2022-2023

Kontaktinformasjon:

Styrar/Dagleg leiar : Renate Sævik Paulsen

Telefon Huldal barnehage: : 700 89609

E-post: post@huldal-barnehage.no

Dagleg leiar: 464 23 628

Armkroken: 955 57 418

Hjerteromet: 955 57 419

Eigarstyret

Tor-Arne Leine-styreleiar

Christian Holm- styremedlem

Lisa Leinebø Pinheiro- styremedlem

Eigarstyret har personal- og arbeidsgivaransvar, utarbeiding og godkjenning av budsjett, innstille til opptak av barn og å sjå til at barnehagen vert driven i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtekter.

Dugnadsstyret

Sverre Ytrebø

Espen Iglesund

Dugnadsstyret skal vere rådgjevande og støttande i arbeidet med å førebu og gjennomføre dugnadsarbeidet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet

Eigar: Tor Arne Leine - styreleiar

Personal: Renate S. Paulsen og Kari Nærø

Foreldra: Helene Remøy og Kathrine Johannessen

Vara: Aage Espeseth og Jonas Aklestad

S.U skal vere eit rådgjevande, kontaktskapande og samordna organ. Her sit representantar frå eigar, personal og foreldra. S.U har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemda og forholdet til brukarane (barn og foreldre).

Kjære foreldre og tilsette i Huldal barnehage

Eit barn som opplever seg sett og høyrt, med gode auger og lyttande øyrer, av sine nære, varme og grensesettande vaksne, får styrka sjølvkjensla si og kjenner seg trygg. Barnet blir sett i stand til å knyte seg til andre. Vi som er vaksne rundt barnet har ansvaret for å sjå barnet, spegle det og byggje gode relasjonar.

Å høre til og vere ein del av fellesskapet er viktig for alle, både små og store. Vi vaksne må vere gode rollemodellar i å inkludere, det vere seg i leik og aktivitet i barnehagen, til bursdagsinvitasjonar og besøk med kvarandre.

Definisjonen på mobbing i barnehagen er: «*Handlingar frå vaksne og/eller andre barn som krenkjer barnet si oppleving av å høre til og vere ein betydningsfull person for fellesskapet*» (Ingrid Lund).

Å sikre at alle barn i Huldal barnehage føler seg som ein betydningsfull person i fellesskapet – er den viktigaste jobben framover for oss alle. Vi skal jobbe førebyggjande og hindre at nokon krenkar andre, eller kjenner seg krenka i vår barnehage. Personalet er godt kjent med aktivitetsplikta dei har til å følge godt med, varsle, undersøke, sette inn tiltak og lage skriftlig plan om barn ikkje opplever barnehagemiljøet som trygt og godt.

De som føresette må aldri nøle med å ta kontakt så tidleg som råd, om de kjenner på uro for denne tematikken kring ditt barn. ❤

Eg ønsker barn, foreldre og tilsette eit kjekt og lærerikt år, der alle kjenner seg varmt inkludert, -her i barnehagen vår.

Klem frå Renate ❤



Personalet i Huldal barnehage

ARMKROKEN 0-3 år	HJERTEROMET 3-6 år
Silje O. Gjelseth – Pedagogisk leiar	Camilla Ingebrigtsen Leine – Pedagogisk leiar
Helene A. Nerland – Pedagogisk leiar	Helena Lied Knutsen – Pedagogisk Leiar
Tove Ingebrigtsen – Fagarbeidar	Ina Kristin Seljeset - Pedagog
Jannike Kopperstad - Fagarbeidar	Karete Nærø – Fagarbeidar
Mia Christin Vike - Fagarbeidar	Kristine Helde - Fagarbeidar
	Stine Kvalsund - Fagarbeidar
Katrine Drabløs-pedagog begge avdelingane	
Guro Kristin Blomvik- Fagarbeidar og fast vikar på begge avdelingane	
Renate Sævik Paulsen - Styrar	
<i>Styrar, Pedagogisk leiar og Pedagog = utdanna Barnehagelærarar (Minimum bachelorgrad). Fagarbeidar = utdanna barne- og ungdomsarbeidar (fagbrev).</i>	



Satsingsområda i den kommunale rammeplanen for Herøy i 2022-2023



Vi er forplikta til å følge den lokale rammeplanen for barnehagane i Herøy kommune. Denne er eit støtteredskap for oss i utarbeiding av planar. Den sikrar variasjon og progresjon i innhaldet i barnehagen. I år er det satsingsområda «språk» og «relasjonar» som er vektlagt i den lokale rammeplanen.

Vi i personalet arbeider med kompetanseheving i språk gjennom «Rekomp» - Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehagen. I år vil fokusområdet for oss i Herøy, Ulstein og Sande bli **ASK - alternativ supplerande kommunikasjon. Vi starter med fagdag 7.oktober og skal etterkvart finne vår problemstilling å jobbe utifrå , innanfor ASK-temaet.**

Vi arbeider også med med «Språkløyper» gjennom UiS (Universitetet i Stavanger). I år jobbar vi med språkløypa brobyggeren, som går på blant anna å gi personalet auka kunnskap om å være ein brobyggjar i barns språklæring.

Språk:

Vi arbeider konkret med språk i barnehagen kvar dag. Faktisk heilt frå barna kjem til dei reiser heim for dagen, streber vi etter å være bevisste vaksne som set ord på barnehagekvardagen. I tillegg nyttar vi mykje song, musikk, rim/regler, spel og høgtlesing som språkstimulerande tiltak for alle. I tillegg nyttar vi konkrete språkverktøy som «Grip omgrepa» og støttepedagog for barn som treng ekstra språkstøtte og språklæring.

Relasjonar:

Være saman har vore eit godt verktøy for oss i personalgruppa for å forankre ein «Autoritativ vaksenstil» som legg stor vekt på gode relasjonar. Dette gjeld både med barn- vaksen, vaksen- vaksen og barn-barn. Dette har ført til ei enda større bevisstgjering på kor viktig ein god relasjon er. Det blir som grunnmuren for alt vi gjer i barnehagen. Vi ser også at når vi har ein god relasjon til barnet – tåler det også betre irtettesettelse når det må til.

På begge avdelingar forsetter vi å nytte "Vere Saman" materiellet for å konkret jobbe med relasjonar i barnegruppa. Les meir om dette på kvar avdeling sine presentasjonar. Vi ser på arbeid med relasjonar som svært viktig i barnehagen, for barnets trivsel og utvikling.

«Nyere forskning viser at barnets samspill med sine nærmeste omsorgsgivere er avgjørende for barnets helhetlige utvikling»

(<https://www.utdanningsnytt.no/barnehagepedagogikk-fagartikkel/8-veier-til-et-godt-samspill->



Satsingsområde: Språk og språkutvikling

Språkutvikling er viktig, språket set grunnlag for den sosiale, den kognitive og den emosjonelle utviklinga. I vår barnehage har vi også i år fleire barn med ulike morsmål. Det gjer at vi må vere særmerksame på å jobbe bevisst med språk. Både den non-verbale og verbale kommunikasjonen er viktig for å utvikle eit godt munnleg språk. Språket er avgjerande for dei sosiale relasjonar med andre, vennskap, læring og for å kunne delta i samfunnet. Rammeplanen er tydeleg på at personalet i barnehagen aktivt skal arbeide for å fremme barns språkutvikling.

Arbeidsmetoder og språkstimulering:

Vi vil:

- Nyte benevning i kvardagssituasjonar og «bade» barna i språk.
- Nyte dagtavle og bruke bildekort for å underbygge og forklare kva vi skal gjere i ulike situasjonar.
- Sjå verdien i bøker/lesing og aktivt nytte lesing i smågrupper.
- Skape gode relasjonar, mellom barn-vaksen, og mellom barn-barn.
- Vere gode språk- og rollemodellar for barna.
- Sjå barna, lytte og gi dei bekreftelsar.
- Legge til rette for eit godt leikmiljø, som stimulerar til eit godt språkmiljø
- Bruke språket aktivt i dei ulike situasjonane vi er i: leik ute/inne, måltid ++.
- Bygge vidare på barna sine interesser: oppsøke materiell dei interesserar seg for, og undre seg saman.
- Samtale om det vi ser og det vi opplev saman. Førstehandserfaring er best for omgrepsslæring, sette ord på det vi ser/kjenner f.eks. støvlar, eple, fotball, bok osv.



Språkutvikling i barnehagen forts.

- Skape felles opplevingar gjennom t.d.: Samlingsstund, lese bøker, rolleleik/dramaleik, undre oss, synge og høyre på musikk, leike med ord/vits/gåter, samtale under måltidet.
- Bruke pedagogiske verktøy som t.d.: Språkkista og Grip omgrepene.
- Sette ord på inntrykk og opplevingar vi har ilag.
- Lytte og gi respons, føre vidare samtale.
- Støtte at fleirspråklege barn bruker morsmålet sitt, samtidig som dei lærer norsk.
- Være bevisst på at morsmål er svært viktig for oppleving av eigen identitet og eit godt utvikla andrespråk.
- Vere bevisst på korleis vi gir respons, brukar kroppsspråk, talespråk og tekst.
- Legge til rette for leik ut i frå barna sine interesser.
- Organisere faste språkgrupper/lesegrupper.
- Ha bokstavar og tekst synleg, samt tal .
- Overgong barnehage- skule.



NB! Samarbeide med støttepedagog som i år kjem til barnehagen måndag og fredagar

Slik vil vi sørge for eit trygt og godt barnehagemiljø i Huldal Barnehage

Eit trygt og godt barnehagemiljø vil seie at alle barn skal få ein trygg og god barnehagekvardag. Vi har eit ansvar for å fylgje med på korleis alle barna har det, og vi har ei plikt til å gripe inn om eit barn ikkje har det bra hjå oss. Vi i barnehagen vil møte alle barn med tillit og respekt, og anerkjenning. I tillegg er fokuset på at kvart enkelt barn får moglegheit til å oppnå livsmesitring, gjennom å vere i barnehagen. Det skal vere ein stad som bidreg til trivsel og glede i leik og læring, samtidig som det skal vere trygt og gi utfordringar, og legge føringar for eit rikt fellesskap og vennskap. For at barnet skal få det beste utgangspunktet er det viktig at vi i personalet ser og observerar kvart enkelt barn, for å sikre eit best mogleg tilpassa opplegg, til det beste for barnet. For å oppnå det er tidleg innsats frå oss i personalet heilt nødvendig.

Relasjonar

Vi i personalet har ei viktig rolle i å gjere vårt beste i møte med kvart enkelt barn kvar einaste dag. Barna skal kjenne at vi vaksne i barnehagen verkeleg bryr oss om kva dei tenkjer, alt dei lurar på og kva dei kanskje ynskjer å lære meir om. Vi skal tilpasse rutinar og organisere tid og rom, slik at barnet får tid til å bli kjent, etablere relasjonar, knytte seg til personalet og til andre barn. Medverknad er eit omgrep det har vore mykje fokus på dei siste åra og som står sterkt i rammeplanen. Det handlar om at barna skal få høve til å vere med på å bestemme innhaldet i dagane sine i barnehagen og at vi i personalet legg opp til aktivitetar og leikemiljø utifrå deira interesser.

Autoritativ vaksen

Vi i **Huldal barnehage** ynskjer å være autoritative vaksne i møte med barn. Det vil seie at vi ynskjer å både gi mykke varme, være gode på relasjon og ha god kontakt med barnet – men vi ynskjer også å kunne skape trygge rammer, ved å vere tydelege og grensesetjande vaksne. Relasjonen vår blir trygg for barnet, og får det beste utgangspunktet når vi gir positivitet, men også når vi må vere tydelege og hjelpe barnet til å finne andre løysingar. Det er svært viktig for oss at barnet har ein grunnleggjande tillit til at vi i personalet vil barnet sitt beste.

Inkludering og mangfold

For oss i personalet er inkludering og mangfold to sterke omgrep. For oss tyder det at å auke barnet si deltaking i barnegruppa, samt å reelt kunne påverke fellesskapet uansett etnisk bakgrunn og funksjonalitet er viktig. Det å inkludere kvarandre - barn og vaksne i fellesskapen i barnehagen er noko av det viktigaste vi jobbar med. Å akseptere at vi alle er ulike er viktig. Vi må lære barna å stå fram som gode eksempel. Det er plass til ALLE! Det er bra at vi er ulike. («Kan du Løvelova? Eg skal være meg – men gi plass til andre slik at dei vert seg»). Dette gir også eit godt utgangspunkt for gode vennskap barna imellom, og det å høyre til. Å høyre til er essensielt og grunnleggande, for alt det andre vi held på med i barnehagen!

Alle skal få kjenne på den gode kjensla som kjem når en blir sett, ivaretatt og kjenner seg VIKTIG.

Rammeplanen og barnehagelova: nye, viktige perspektiv i forhold til mobbing og utesetjing.

Rammeplanen er vårt viktigaste styringsdokument i barnehagen

- De kan lese heile rammeplanen på www.udir.no/rammeplan

Ein ny og svært viktig paragraf i barnehagelova som handlar om mobbing og utesetjing i barnehagen trådte i kraft frå 1. januar 2021. §41 legg vekt på at barnehagen skal arbeide førebyggande med eit trygt og godt barnehagemiljø ved å følge opp diskriminering, utesetjing, mobbing, krenksar og uheldige samspelsmønster i barnegruppene. Plikta til å sikre at barnehagebarna har eit trygt og godt psykososialt barnehagemiljø er heimla i §42 og er knytt til aktivitetsplikta til heile personalet.

Rammeplanen har allereie implementert noko av lova og gjeld for oss her og no :

«Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggjande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Barnehagen skal bidra til at barna trivst og opplever livsglede, meistring og ei kjensle av eigenverdi, og han skal førebygge krenkingar og mobbing. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp.» (Rammeplan for barnehagen, s. 11)

Nokre eksempel på korleis vi arbeider med dette i Huldal barnehage:

- Å lære å reflektere over «Løvelova» og kva den betyr for oss.
- Å arbeide i små grupper der vaksne er tett på barna.
- Å snakke om viktigheita av å inkludere kvarandre, samt øve på empati.
- Ordninga med Vennevakt og vennebenk (Hjerteromet).
- Arbeide med at barna skal oppleve meistring i ulike situasjonar ved å heie på dei, rose dei når dei klarar noko dei har øvd på.
- Løfte fram barn som inkluderar – setje ord på det!
- Stoppe situasjonar vi ser er negative for andre barn, snakke/reflektere over det med barna.
- Observere barn og informere foreldre om noko ikkje er bra.



"VERE SAMAN" i barnehagen vår

Armkroken 1-3 år	Hjerteromet 3-6 ÅR
<p>Vi brukar temabøkene som idebank til samlingsstunder</p> <p>Høyre på lovelova og synge den ofte</p> <p>Verte kjent med regnbueløva og rotta Ramona og barna hennar</p> <p>Dei vaksne må gje positiv tilbakemelding når nokon gjer noko bra for andre.</p> <p>Bruke rollespel og leik.</p>	<p>Fortelje «Regnbueløvens fantastiske brøl», vektlegge grunnhistoria og kjenslene, snakke om teikningane i boka og fargar.</p> <p>Bruke Regnbueløva som samtaleverktøy.</p> <p>Vere kjent med Regnbueløva og bruke den i daglege situasjonar.</p> <p>Jobbe med Løvelova og knytte den opp mot daglege situasjonar, og kunne fortelje kvifor Løvelova er bra for alle.</p> <p>Kjenne, og etter kvart lære songane i «Være Sammen» (Spotify)</p> <p>Øve oss på å gje positive tilbakemeldingar når nokon gjer noko bra, bry oss om, kunne uttrykke det.</p> <p>Bruke rollespel og leik.</p> <p>Bruke temabøker og Løva i samling og når det oppstår situasjonar – knytte det opp mot faktiske hendingar i barnegruppa.</p> <p>Gje positiv tilbakemelding uoppfordra når nokon gjer noko bra.</p> <p>Øve på å gje ros og ta imot ros, positiv perspektivtaking.</p>

NB punkt - for både Armkroken og Hjerteromet

- Ta med Regnbueløva på tur
- Dei vaksne må ha eit bevisst forhold til relasjonsbygging og tilknytningsteori.
- Personalet må vere vere gode rollemodellar på relasjonskompetanse
- Det må nyttast metoder der barna sjølv vert aktiviserte i høve si eiga lærings. Metodane må fenge barna og gi dei inspirasjon til å ta eit utviklingsskrift.



Vi på Armkroken


- Armkroken ligg i 1.etasje og her møter du dei yngste barna i barnehagen i alder 0-3 år. På avdelinga har vi 17 barn frå oktober, og på nyåret er barnegruppa på 19 barn. Når alle har starta vil det vere 8 barn født i 2020 og 11 barn født i 2021 i barnegruppa vår.
- Tryggleik, omsorg og tilknytning er ein viktig føresetnad for å trivast, og for å danne gode relasjonar og vennskap, samt for vidare utvikling og læring. Er relasjonen mellom barn og voksne god, er barnet meir mottaklege for både støtte, veiledning og grenser.
- På Armkroken har vi mange faste rutiner. Rutinene er med på å skape forutsigbare dagar for barna når dei vert kjent med dei og er med på å gi barna gode trygge dagar. I alderen 0-3 år, er det ekstra viktig å "bade" barna i språk! Vi i personalet må heile tida benevne det vi gjer i alle kvardagssituasjonar. Gjennom samtaler med barna om kva som skal skje, vil det gi rom for at barna kan kome med innspel, ynskjer og medverke i sin barnehagekvardag. Det er viktig at barna får varierte erfaringar med språk gjennom både samtalar, bøker, songar og rim og regler. Barna samlar på mykje ord og omgrep, som dei etterkvar vil nytte når dei tek i bruk verbalspråket sitt.
- På Armkroken vil vi at alle barna skal bli møtt på ein god måte, ut ifrå alder, nivå, interesse og behov. Gjennom å lytte til barna ved å vere eit påkopla personale som er tilstades der barna er, la dei medverke og gi dei mange variasjonar, kan vi gi dei eit godt utgangspunkt for vidare utvikling. Utviklinga til barna går veldig fort i denne alderen, og vi gler oss i lag med barna når dei meistrar noko nytt.
- Tema vi skal arbeide med dette barnehageåret er: Nynorske barnebøker, ulike farga, «vere saman», årstider, høgtider, dei ulike nasjonalitetar og land vi har representert på avdelinga og dei tilhøyrande merkedagane.

**Vi gler over eit spanande og innhaldsrikt år
i lag på Armkroken og er audmjuke over at det
er vi som får vere i lag med barna dykkar i kvardagen!**

Dagsrytma på Armkroken

AKTIVITET	KLOKKA
Barnehagen opnar	07 15 (ved behov 06 45)
Frukostmåltid	Fram til kl.8 30
Frileik, aktivitet, delte grupper ute/inne, trilleturar	8 30 -10 30
Bleieskift/toalett/handvask	10 30 – 10 40
Samlingsstund	10 45 – 11 00
Lunsjmåltid	11 00
Sovetid, kvilestund, frileik på avdelinga/gymloftet	11 30-ca 14 00
Bleieskift/toalett/handvask	13 45
Måltid/frukt	14 00
Leik ute/inne	14 30
Barnehagen stenger	17 00

Årshjul på Armkroken 2022-2023



Årstidene:
Vi arbeider med
årstidene etterkvar
t som året går.

Nynorske barnebøker:
I løpet av heile barnehageåret
skal vi lese ulike barnebøker på
nynorsk.

«Være sammen»:
Eit læreverk der vi vert kjent med
Regnbueløva, og
som vi arbeider med heile året.





Tema på Armkroken : Nynorske bøker

I år har vi valgt **nynorske barnebøker** som vårt hovedtema på Armkroken. Dette er eit tema som vi skal arbeide med gjennom heile barnehageåret. Vi har velt oss ut nokre bøker som vi håper barna vil like; **Pål bøkene, Henrik And, Kvar er mamma mi?, Pom og Pim, Frosken, Unni og Gunni.**

Språk er ei satsing i den lokale rammeplanen i Herøy, og gjennom Rekomp har vi mellom anna fått ny kjennskap til nynorske barnebøker. Vi ynskjer å gi barna vidare kjennskap og interesse for bøkene og språkforma vår nynorsk.

Slik jobbar vi med tema:

- Vi ynskjer å løfte fram nynorsk bøker, og ha eit mangfald av bøker på avdelinga.
- Saman med dei vaksne på avdelinga skal barna bli kjent med bøkene og innhald.
- Lese boka fleire gongar, så alle barna har fått hørt forteljinga minst 2 gongar.
- Det er mykje læring i å repetere, og barna lika å delta i samtale kring boka.
- Bøkene er tilgjengeleg og synlege for barn og vaksne på avdelinga.
- Vi heng opp bilder på avdelinga knytt til tema/bøkene vi les. Da kan vi saman med barna samtale kring det vi ser på bilda.
- Lese bok/fortelje med bruk av rekvisittar, som kan gi inspirasjon til vidare leik og språkstimulering.
- Dramatisering av bøkene. Dei vaksne dramatisera og leika at dei er t.d. er Unni og Gunni som malar. Vi ynskjer å inspirere barna og legge til rette for at barna sjølve kan leike/dramatisere.
- Vi tek med oss bok og les når vi er på tur.
- Utanfor avdelinga heng det ei postkasse med bøker i. Postkassa er merka med tekst og bilde "les for meg". Når barna stiller seg med postkassa ynskjer dei at dei vaksne les bok til dei.



Faste aktivitetar gjennom året på Armkroken

Musikk og bevegelse

Vi er glade i musikk og vi hører på det kvar dag. Barna dansar, syng med eller berre lyttar. Songar med bevegelsar er kjekt og fengande. Minst ein gang i veka har vi disco med musikk og discokule.

Samlingsstund

Vi har samlingstund kvar dag, før vi et mat. Da samlar vi barna og sit saman i ein ring, nokren på stol og nokren i sofaen. Vi syng velkomensong, navnesong og vi tel kor mange barn som er her og vi snakkar om dei som ikkje er på barnehagen. Vi knyttar tema som vi har oppimot samlingsstundene, med dei ulike nynorske bøkene som vi skal ha gjennom året og dei ulike årstidene vi er i. Vi skal også ha fokus på ulike fargar og snakke om dei. Vi held fram med temaet «være sammen» der vi har samlingar knytt til temaet. Under samlingsstund syng vi nye og gamle songar, barna kjem ivrig med innspel på kva vi kan synge. Vi dramatiserer, brukar rekevisittar og nyttar sangpose, sangterning og sangkort.



Teikne- og maleaktivitetar

Barna får teikne og male heilt fritt, eller knytt opp mot eit tema. T.d. figurar frå bøker, årstidene eller høgtider. Det er spennande å utforske med maling og ulike fargar. Prøve ulike teknikkar som for eksempel penslar, svamp, teikneblyant/krit. Her får barna bruke fantasien, kreativiteten, finmotorikken og sansane sine.

Kvilestund

Er eit tilbud for barna som ikkje lenger sov. Der får barna høve til å koble av og hente seg litt inn. På kvilestund hører vi på roleg musikk, les bok eller hører på eventyr. I rammeplanen står det: Barna skal ha mulighet til ro, hvile og avslapping i løpet av barnehagedagen s. 11.

Matlagning

I løpet av månaden har vi fleire dagar der vi lagar varmmat eller bakar til lunsj, i stadenfor brødmat. Vi smakar på ulik frukt, bær og grønsaker i løpet av barnehageåret. Det er spannandes med nye smaker og lukter. På ettermiddagen har vi eit «fruktmåltid», då får barna t.d. skive ei yoghurt og ulike type frukt/bær, om været er bra et vi måltidet ute.

Bordaktivitetar

Vi har forskjellige leiker/aktivitetar som passar godt ved bordet. Play-doh deig/plastalina, teikning, maling, klipp og lim, puslespel, byggeklossar, magnetklossar, Peppa gris med diverse utstyr, dyplø, koffert med t.d. «bukkane bruse».

Vi i personalet legg til rette for bordaktivitetar, og ofte uttrykker barna verbalt eller med kroppsspråk kva dei vil leike med. Vi ser at bordaktivitetane gjer at fleire barn får leike saman, vi øvar oss på å vente på tur og dele med kvarandre.

Utetid

Vi har mange ulike leikeplassar vi kan nytte oss av. På platten utfør avdelinga har vi brannbil, leikehus og pidder som vi liker veldig godt å leike med. På oppsida har vi ein leikeplass med grillhytte, sandkasse og eit veldig spannandes ulent terreng der vi får utfolde oss og trenre grovmotorikken. På nedsida har vi ein flott leikeplass med stort leikeskur, stor sile, stor sandkasse, ein trebåt, eit lite hus og ein kjekke grøn bil. Der er også eit lite leikeapparat med sile for i aller minste barna.

Tur/trilletur

Vi går ofte på trilletur i nærområdet. På trilletur vil barna vil få nye inntrykk, dei vil sjå forandringar i naturen etter kvart som årstidene skiftar. Dei vil bli betre kjent med nærmiljøet rundt barnehagen og Fosnavåg sentrum. No har vi fått klatrepark i parken, og det er kjekt å kunne gå dit. Daglegvarebutikken Meny ligg også i sentrum, og dit går vi når vi skal pante tomflasker, eller om vi vil handle noko. Vi er heldige som får vere nær sentrum, og kan få med oss litt av livet der. Vi ser ofte på små og store båtar som kjem til og frå havna.



Lesestund

Vi har spesielt fokus på nynorske barnebøker dette barnehageåret, og ynskjer å skape ei større interesse kring dei, i tillegg til alle dei andre gode barnebøkene vi har. Vi i personalet ynskjer at barna skal bli glade i, og nysgjerrige på bøker og tekster. Barna kan sjølv bestemme kva bok dei vil sjå i. Dei vaksne sørger for at der alltid er bøker i hylla, og at det er variert utvalg. Vi har også lesestund der ein i personalet tek med seg ei gruppe barn, dei lyttar til fortelling/eventyr, ser i bok og bilder saman. Lesing er viktig for barna, det gir dei læring, opplevelsar, nærliek til voksne og det kan stimulere til leik. Ved å lese kan ein bidra til positiv språkutvikling hjå dei minste barna.

Bursdagsfeiring

Når nokon av barna har bursdag heng vi ut flagg, skriv bursdagshelsing på tavla og heng opp ballong i garderoba. På døra inn til avdelinga heng det eit bilde av "dagens bursdagsbarn" så alle kan sjå kven som har bursdag. Før lunsjmåltidet har vi bursdagssamling og barnet blir feira med song, musikk, såpebobler, bursdagskrune og gåve. Etterpå kosa vi oss med mat som barnet lika godt .

Dagtavle

Vi har dagtavle på avdelinga som vi brukar kvar dag. På tavla heng bildekort som illustrera kva som skal /har skjedd denne dagen. Vi nyttar også bilder i ulike situasjonar for å underbyggje det vi seier til barna, t.d. når vi skal skifte bleie, gå på do og vaske henda.

Tradisjonar

Vi markerar td. jul og påske, i samsvar med det rammeplanen og barnehagelova seier. I tillegg har vi våre eigne «tradisjonar» i barnehagen som solfest, julefest, og sommarfest som er viktige tradisjonar for barna. Vi markerar også dei andre nasjonane/ landa som vi har representert på avdelinga sine merkedagar ved å høre på musikk, smake på mat som hører til dei ulike landa til som døme.

- ❖ «Barnehagelova § 1 slår fast at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.» (Rammeplanen s. 12)
- ❖ «Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.» (Rammeplanen s. 54)

Vi på Hjerteromet ❤

Avdelinga Hjerteromet ligg i andre etasje i barnehagen. Vi har 30 born på avdelinga vår i alderen 2-6. I år har vi fire kull på avdelinga. Vi er seks rosarussar, seksten 4-åringar, sju 3-åringar og ein 2-åring.

For å treffe barna der dei er utviklingsmessig, har vi gruppodeling. Vi vert av og til aldersdelt men også ein del aldersblanda.

- Vi har russekubb og korps mandagar, og dei er på bading annakvar onsdag.
- Vi har dei aldersblanda gruppene «Fiskane» og «Krabbane» som vi hovudsakleg deler oss i på tirsdagar og på torsdagar, men også dersom det høver seg ellers i løpet av veka.
- Fast morgenøkt med aldersblanda leik på avdeling fram til 09:30.



Vi er opptekne av at alle skal være inkludert og ha ein venn, og vi jobber mykje med kjensler og relasjonar i gruppa i tillegg til temaet "HAVET". Små grupper bidreg til at vi som vaksne kjem tettare inn på barna. Når vi er tettare på barna får vi også observert dei betre gjennom dagen, støtta dei språkleg i leiken og forhindre utesenging/mobbing.

Vi er mykje ute og vil at borna skal verte glade i å vere ute i naturen i all slags vær og til alle årstider. Ein føresetnad for å trivast ute er å ha klede og sko som er tilpassa årstidene. Då er det viktig med eit godt samarbeid med foreldra, slik at borna kan ha ein best mogleg dag i barnehagen. Vi er avhengige av at foreldra sjekkar at utekleda er i orden, at kle og sko er merka og at borna har nok varme kle til å vere ute i fleire timer heile året 😊

Dagsrytme og vekertytme på Hjerteromet

Klokkeslett	Aktivitet
07.30-08.30	Frukost
08.30-09.30	Gruppedeling. Gymloft, lesing, leik
09.30-09.45	Ryddetid
09.45	Gruppedeling, for eksempel: - Ute/inne - Fiskane/Krabbene - Russekubb (korps, bading, Trampolineboka o.l.) - Formingsaktivitetar - Lese-og språkgrupper
11.15	Lunsj, etterfulgt av kvilestond for dei yngste
11.45	Uteleik
14.00	Fruktmåltid
14.30 - Hentetid	Uteleik/inneleik, ofte oppdelt i grupper

Mandag	Tirsdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
Leik	Leik	Leik	Leik	Leik
Morgonmøte	Morgonmøte	Morgonmøte	Morgonmøte	Morgonmøte
Russekubb og korps	Gruppedeling Fiskane og Krabbane Utegruppe/ Innegruppe Temasamling - Fiskane -	Førskulebading (annakvar veke) Formingsaktivitet, samling, leikegrupper, lesegrupper osv.	Gruppedeling Fiskane og Krabbane Utegruppe/ Innegruppe Temasamling - Krabbane -	Formingsaktivitet, Samling, Leikegrupper, Lesegrupper osv. Evt. Tur Støtteped 6,5t.
Støtteped 3,5t.				

Russekubb

Å endeleg få vere rosaruss er stor stas for barna, og dette er noko dei gler seg til! I år er vi 6 rosarussar og det vert pedagog Ina Kristin og fagarbeidar Karete som deler på ansvaret for klubben. Vi samlast på mandagar og jobbar i Trampolineboka og har korps. Vi skal jobbe med "Meg sjølv" der vi skal verte kjende med kvarandre, vi skriv navn, alder, teiknar huset vårt, favorittmat, favorittleike, hårfarge, augefarge etc. Vi skal også innom tema som symbol, former, mønster, bokstavar, tal, sortering, måling, plassering, staving og rim. Her får vi bryne oss på mange spennande utfordringar.

Vi brukar ei utforskande tilnærming til å forberede skulestart, og vi ser at dette har stor verdi for barna. Vi nyttar blant anna musikk, høgtlesing, samlingsstund, fysisk aktivitet og utforsking ute i naturen. I tillegg er meistring av daglege oppgåver som dobesøk og påkledning svært viktig dette året, då vi ynskjer å oppfordre til meir sjølvstendigheit fram mot skulestart.


Meistring = livsglede ❤

Annakvar onsdag er vi på bading. Då vert vi henta av "russebussen" (Bjørlykke Transport) kl. 10 og reiser ilag til Sunnmørsbadet.

Vi planlegg også fleire både små og større turar for russeguruppa. Når våren nærmar seg dreg vi ofte på litt lengre dagsturar, og ellers håpar vi på å få nokre småturar her og der no på hausten også! Vi gler oss veldig til dette året, og til alt vi skal utforske og oppleve saman.




"I barnehagen skal barna oppleve eit stimulerande miljø som støttar opp om lysta til å leike, utforske, lære og mestre. Barnehagen skal introdusere nye situasjonar, tema, fenomen, materiale og reiskapar som bidreg til meiningsfull samhandling. Nysgjerrigkeit, kreativitet, og vitelyst skal anerkjennast, stimulerast og leggjast til grunn for læringsprosessane. Barna skal få undersøkje, oppdage og forstå samanhengar, utvide perspektiv og få ny innsikt" Rammeplan for barnehagen s. 22)



Tema på Hjerteromet: Havet

I år har vi HAVET som hovudtema på Hjerteromet. Dette temaet blir som ein raud tråd som følger oss heile barnehageåret. Vi skal først verte kjende med Taremareby, som er ei historie om Flyndrefanten, broren Flink, krabbe Krølle og andre skapningar som lever i havet. Vi vil lese boka om Taremareby, sjå på teiknefilmen og lære oss songane kytt til Taremareby.



Vidare vil vi lære oss kva fiskar, krepsdyr og andre dyr som lev i havet. Vi vil prøve å finne ut kva som befinn seg på havets botn og i fjøra. Kva kan vi finne på havets botn? Og kva kan vi finne i fjøra? Kva slags typer tang og tare kan vi finne i kleivavika? Barna skal få utforske, undre seg og skape gode opplevingar ilag, og i tillegg bli betre kjende med nærmiljøet vårt.

Å ha eit felles tema kontinuerlig gjennom året, vil forhåpentlegvis bidra til mange gode felles opplevingar og verdifulle augeblick for barn og personalet saman. Felles opplevingar kan gi inspirasjon til leik og fremje læring.

«Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast» (Rammeplan for barnehagen s.20)

I tillegg jobbar vi med temaet «Havet» gjennom blant anna:

- Formingsaktivitetar
- Samlingsstunder
- Song/musikk/dans
- Lese i bøker
- Internettressursar
- Undring/samtale





Det viktige relasjonsarbeidet

- barns kjensler og utfordringar i barnehagekvardagen



I tillegg til tema om Havet, vil også grunnmuren i "Vere Saman" og arbeid med relasjonar fortsette å være svært viktige tema for oss i vår barnehagekvardag.


Gjennom mange år med arbeid med Vere Saman, har vi i personalgruppa godt innarbeidd den autoritative vaksenstilen, som er ein varm og grensesetjande vaksenstil. Barn treng rettleiing og grenser, og å forstå at **alle** barn har behov for å ytre meiningar; dei er ein del av ei større gruppe. Det kan kjennes urettferdig å ikkje alltid få bestemme. Men grenser og rettleiing er ei viktig omsorgshandling ovanfor barn. Det vil på sikt hjelpe dei seinare i livet når dei skal møte motgang. Det er ikkje farleg for barn å få utløp for kjenslene sine når dei for eksempel får eit "nei", når dei helst ville ha eit "ja". Det er faktisk berre sunt! Følelsane må berre få komme, og **vi vaksne må være trygge nok til å stå i alle kjenslene saman med barna.** Dette heiter å hjelpe barn med å regulere kjenslene sine. Dette er svært viktig i denne perioda, då barna ikkje alltid klarer å regulere kjenslene sine heilt sjølv enda. Dette gjer vi ved **ANERKJENNANDE KOMMUNIKASJON.** Vi ser barnet – *"No ser eg at du vart sint/lei/trist, fordi du ikkje fekk den spaden. No var det Ola sin tur. Eg forstår at du ville ha spaden no du også! Du kan få spaden om ei stund, når det er din tur!"* Vi tek barna sine kjensler på alvor, og det er svært viktig å ikkje avfeie barns kjensler. Dei må få kjenne på sine eigne følelsar - sjølv om vi vaksne ikkje er einige. Det går fint an å anerkjenne barnet sine følelsar, samstundes som en set grenser og er tydeleg. Balansen mellom varm og grensesetjande = Autoritativ vaksenstil.

Å arbeide med kjensler i denne aldersgruppa er altså svært aktuelt både i barnehagen og heime, då dei gjennomgår ei enorm utvikling frå 2-6 års alder. Dei utviklar seg sjølv, og blir eit meir sjølvstendig individ med eigne tankar og meiningar. Det er ei kjempespennande tid! Vi arbeider kontinuerlig med å regulere kjenslene våre for å betre takle alle oppthurar og nedturar ein går gjennom i løpet av ein dag. Empati er også noko som barna må lære: «Du skal gjere mot andre det du vil at andre skal gjere mot deg!».

Rammeplanen seier: «**Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler.**» (2017, s.11)

Årshjul Hjerteromet 2022- 2023

Årshjul



Havet:

Årets overordna tema er Havet. Vi har ulike tema om havet dei ulike månadane .

«Være sammen»:

Eit verktøy der vi vert kjent med Regnbueløva, og som vi arbeider med heile året.

Årstidene:

Vi arbeider med årstidene etterkvart som året går

Faste aktivitetar gjennom året - Hjerteromet

Morgenmøte og dagtavle:

Kvar dag har vi morgenmøte kl: 9.30. Då er alle barna samla i garderoba og barna sit på plassane sine. Den voksn som leiar morgenmøte seier «god morgen» , og tek opprop. Vi syng litt, og snakkar saman om dagen som kjem. Korleis er været i dag? Er det nokon som veit kva slags dag det er i dag? Vi ser på dagtavla. Dagtavla viser ei bildeoversikt over rutiner, aktivitetar og eventuelle gruppedelingar som gjeld for dagen.

Bursdagsfeiring:

Vi skriv bursdagshelsing på tavla, og heng ut flagget for bursdagsbarnet. Barnet får velge fra bursdagsmenyen. I bursdagsamlinga får barnet sitte på bursdagsstol, og velje mellom 4 ulike farga «bursdagskapper» å ha på seg. Barna er i fokus og får medverke til innhold i bursdagsamlinga.

Tradisjonar:

Vi markerar jul og påske, i samsvar med det rammeplanen og barnehagelova seier. I tillegg har vi våre eigne markeringar i barnehagen som t.d. solfest, julefest, sommarfest, russetid osv. som er viktige tradisjonar for barna.

«Barnehagelova § 1 slår fast at barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.» (Rammeplanen 2017, s. 12)

«Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi.»
(Rammeplanen 2017, s. 54)

Turar:

Vi er heldige som har både skog, fjøre, klatrepark, leikeplass og Fosnavåg sentrum nær vår barnehage, og vi tek oss gjerne ein tur ved høve i løpet av veka. Vi går ofte på tur i grupper, nokre gongar et vi lunsj på tur, og andre gongar kjem vi tilbake til barnehagen til lunsj.

Grillhytta:

Vi nyttar grillhytta vår mykje, spesielt når det er kaldare i været ute. Vi et ofte lunsj eller fruktmåltidet vårt i grillhytta med ei gruppe. Her fyrer vi opp, og tender ofte lys og har lyslenker. Det skapar ei koseleg stemning, og barna trivast godt her. Det er ein fin stad til å synge, høre eventyr og å lese bøker saman.

Formingsaktivitetar:

Det er viktig at barna får utfalte seg kreativt, og vi jobbar med ulike typar formingsaktivitetar kvar veke. Vi teiknar, malar, klipp/lim, lagar perlesmykker og andre ting som barna ynskjer å lage. Vi knytter ofte formingsaktivitetar mot det aktuelle teamarbeidet vi jobbar med, td. Havet, brannvern, lagar haust- og vinterbilete, jul og påske.

Gymloftet:

Gymloftet vårt er i bruk kvar dag, og vi rullera på gruppene slik at alle får nytta gymloftet. Det er ein fantastisk ressurs og gir mogelegheit til meir allsidig rørsleerfaring inne. Vi nyttar musikk og dans, hinderløype og grovmotoriske aktivitetar som hopping, klatring og balansering på gymloftet.

«Det fysiske miljøet i barnehagen skal vere trygt og utfordrande og gi barna allsidige rørsleerfaringar» (Rammeplan for barnehagen s. 19)

Språk:

Språk er eit viktig tema som vi har gjennom heile barnehageåret, og som vi arbeider med dagleg. Det er viktig at vi som vaksne er bevisste, og nyttar benevning gjennom dagen, samt legg til rette for gode samtaler på barns premiss og interessefelt.

På avdelinga har vi bokhyller med kjekke, oppdaterte og relevante bøker som barna sjølve kan velje frå. Vi har morgonmøte kvar dag, der vi aktivt nyttar språket gjennom song og samtalar. I samlingsstunda delar vi oss ofte i mindre grupper, slik at vi kan lese bok, fortelje, ha samtalar og leike oss med språket gjennom song, rim og regler. Vi har også ei kasse i frå biblioteket med mange ulike bøker som vert utskifta med jamne mellomrom og ei kasse med berre nynorske bøker. Vi nyttar også mykje spel for å fremje språk, og har mange gode brettspel vi kan bruke. Der vert barna kjende med ulike omgrep, farge, antal, form og får øvd seg på turtaking og kommunikasjon med medspelarane.

Temaarbeid knytt til fagområda på begge avdelingane

Kommunikasjon, språk og tekst (s. 48, Rammeplan, 2017)

"Gjennom arbeid med kommunikasjon, språk og tekst skal barnehagen bidra til at barna: uttrykkjer kjensler, tankar, meininger og erfaringar på ulike måtar, bruker språk til å skape relasjonar og delta i leik, og som reiskap til å løyse konfliktar"

Gjennom arbeidet med tema Havet og elles i barnehagekvelden nyttar vi ulike metoder som fremjer språk og samtale; boklesing, samtale og undring, musikk og benevning. Vi har som mål at samlingane nettopp skal være eit verktøy for barna som kan støtte i å bli betre på relasjonsbygging, utvikle empati og meistre konfliktløysing.

Kropp, rørsle, mat og helse (s. 49, Rammeplan, 2017)

"Gjennom arbeid med kropp, rørsle, mat og helse skal barnehagen bidra til at barna opplever trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt. Blir trygge på eigen kropp, får ei positiv oppfatning av seg sjølve og blir kjende med sine eigne kjensler "

Vi ynskjer å gi barna positive erfaringar både når det gjeld uteleik og rørsleerfaringar både inne på Gymloftet/avdeling og ute. Vi legg til rette for ein variert kvardag der barna får utfolde seg fysisk. Vi nyttar aktivt begge uteområda for å stimulere ulik type fysisk aktivitet og leik.

Å få ei positiv oppfatning av seg sjølve og sine eigne kjensler ser vi på som viktig, og vektlegg dette i arbeidet med Være Sammen og ved at vi jobbar med tema Vennskap og Følelsar gjennom året og i kvardagssituasjonar ute og inne.

Kunst, kultur og kreativitet (s. 50, rammeplan, 2017)

"Barna skal støttast i å vere aktive og skape eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk.

Barnehagen skal leggje til rette for samhørsle og kreativitet ved å bidra til at barna saman får oppleve og skape kunstnariske og kulturelle uttrykk. "

Gjennom året arbeider vi med kunst, kultur og kreativitet på ulike måtar. Vi nyttaar ulike metoder for å arbeide kreativt; maling, teikning, formingsaktivitetar både inne og ute, samlingsstunder med musikk, dikt/rim og regler. Elles let vi barna utfolde seg kreativt ut i frå eigen inspirasjon i tillegg til dei tradisjonelle kunstprosjekta gjennom året, som for eksempel rundt høgtidene.

Natur, miljø og teknikk (s. 52, Rammeplanen, 2017)

"Barnehagen skal leggje til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve naturen som arena for leik og læring" .. I tillegg står det at barna skal: "Få kjennskap til naturen og berekraftig utvikling, lærer av naturen og utviklar respekt og gryande forståing for korleis dei kan ta vare på naturen"

Vi ynskjer å gi barna ei grunnleggjande forståing av viktigheita av å ta vare på naturen vår.

Gjennom til dømes arbeid med gjenbruk, sortering av søppel og å bli bevisste på forsøpling av naturen. Her kan vi også jobbe med empati som kjensle; empati for dyr og dei som lev i naturen.

Mengd, rom og form (s. 53, Rammeplan, 2017)

Barna skal få: "erfarer og samanliknar storleikar i omgivnadene. Bruker kroppen og sansane for å utvikle romforståing. Undersøkjer og kjenner igjen eigenskapar ved former og sorterer dei på forskjellige måtar"

Vi ynskjer å bruke benevning og naturlege situasjonar i kvardagen for å gjere barna kjende med mengd, rom og form. Vi bruker benevning av former og telling aktivt og naturleg i ulike kvardagssituasjonar og i samlingane våra.

Etikk, religion og filosofi (s. 54, Rammeplan, 2017)

Det står i rammeplanen at barnehagen skal bidra til at vi skal "bidra til å utvikle barnas toleranse, interesse og respekt for kvarandre og for menneske med ulik kulturell, religiøs eller livssynsmessig tilhørsle".

Vi ser på mangfold som viktig i ei barnegruppe – og jobbar tett opp mot mangfald i arbeidet med Være Sammen der ein av hovudbodskapa er å la barna være seg sjølve – men samstudes gi plass til andre! Alle barn er unike – og vi ser på det som viktig å la barn forstå at alle barn er like viktige som dei sjølve. Vi vektlegg at det er bra å være forskjellige, og utvikle ei respekt for kvarandre.

Nærmiljø og samfunn (s.55, Rammeplan, 2017)

"Gjennom utforsking, opplevelingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørsle til nærmiljøet."

Vi ynskjer å la barna bli kjende med vårt nærmiljø. Vi har sentrum med alle dets fasilitetar i nær avstand, og går ofte på tur dit. Vi nyttar nærmiljøet vårt aktivt med barna, og spesielt gjennom å gå på turar.



**Takk for at de har valt Huldal barnehage
som dykkar barnehage!**



Vi i personalet er takksame for å ha ei slik flott foreldregruppe å samarbeide med!

Vi i personalgruppa vil gjere vårt ytterste for at barna, foreldra og personalet skal ha det bra saman!

Hugs å ta kontakt med oss om det skulle vere noko de treng å prate om!

**Vi gleder oss til eit nytt år
-saman med dykk alle!**